

Avtale om utlån og utleige av utstyr frå Campus Verftet

1. Bakgrunn og formål

Partane er einige om eit tidsavgrensa utlån eller utleige av utstyr mellom utlånar og lånetakar.

2. Partar

Utlånar

Firmanamn: Campus Førde Verftet AS, (Org.nr.: 913 015 231)
Adresse: Øyrane 12, 6800 FØRDE
Kontaktperson: Espen Kirketeig
Telefon: +47 915 41 623
e-post: espen.kirketeig@vlfk.no

Lånetakar

Firmanamn/namn:
Adresse:
Kontaktperson:
Telefon:

Ingen av partane har høve til å opptre på den andre parts vegne, eller forplikte den andre part, utan skriftleg samtykke.

3. Utlånt utstyr

4. Føremål med lånet

5. Kostnad

Partane er einige om ein timepris på kr:,- eks mva. med eit maksimalt timetal timar.
Lån ut over dette skal godkjennast av utlånar på førehand.
Lånetakar dekkjer transportkostnadar.

6. Avtalens varigheit

Avtalen trer i kraft frå(dd/mm/åååå), og varer til(dd/mm/åååå).

7. Framferd under låneperiode

Ved utlevering er utlånar ansvarleg for at utstyret er vedlikehalde og, der det er naturleg, oppdatert. Alt utstyr blir lånt ut med nødvendig ekstrautstyr som leidningar, sendarar, transportkassar osb. Lånetakar pliktar å sette seg inn i det som måtte vere av krav rundt sikker transport og oppbevaring. Lånetakar er ansvarleg for at utstyr til ei kvar tid blir oppbevart og brukt i tråd med det som er rekna som normal bruk.

Lånetakar er pliktig å sjølv ha forsikring på utstyr under låneperiode.

Lånetakar er ansvarleg for at utstyr blir levert tilbake i den stand det vart mottatt. Unntak er vedlikehald og oppdatering som treng spesialutstyr eller administratortilgang.

Lånetakar pliktar, på minimum 14 dagars varsel, å stille utstyr tilgjengeleg for utlånar for å gjennomføre planlagt vedlikehald eller oppdatering.

Før tilbakelevering skal personlege kontoar, brukarar og data, slettast frå systemet.

8. Økonomisk vinning

Lånetakar har ikkje løyve til å bruke utlånt utstyr til eiga vinning, eller i produksjon av produkt som kan medføre vinning til eigen person eller eige selskap.

9. Opplæring og bruk

Lånetakar bekreftar at dei har naudsynt opplæring og erfaring til å bruke utstyret på ein måte som ikkje set seg sjølv, utstyr eller tredjepart i fare.

10. Forsikring og økonomisk ansvar

Lånetakar er informert om at han står økonomisk ansvarleg for lånt utstyr i heile låneperioden. Utlånar har ikkje forsikring på utstyr som er utanfor lånetakars adresse.

Utlånar har ingen ansvar for skade påført leigetakar, tredjepart eller anna som kjem som følgje av ukorrekt bruk eller manglande sikring.

11. Misleghald

Ved misleghald av denne avtalen vil det bli fakturert ei dagbot på kroner 1000,- avgrensa oppover til verdi av utlånt utstyr. Eventuelle tvistar mellom partane om forståinga av denne avtala skal søkast løyst i minnelegheit.

12. Framlån

Utstyr skal ikkje lånast vidare frå lånetakar til tredjepart.

Dersom utstyret i låneperioden blir ståande ubrukt i over 14 dagar skal det gjerast tilgjengeleg for utlånar som kan låne det vidare eller ta det i bruk sjølv. I så tilfelle er utlånar ansvarleg for transport, og pliktar at utstyr er levert hos lånetakar til avtalt tidspunkt.

Tilsette ved Fagskulen i Vestland eller HVL står fritt til å bruke utlånt utstyr til undervisning og prosjekt.

13. Underskrifter

Denne avtalen er skriven under i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Stad, dato

Lånetakar

For utlånar
